



## Vedtekter for Hægebostad ungdomsråd

**Vedtektene vedtatt av kommunestyret torsdag 27. juni 2019, mindre endring i etterkant av kommunestyrevedtak 10/21 10.03.21.**

Det er vedtatt av kommunestyret 01.11.18 at det skal vere ungdomsråd i Hægebostad frå 01.01.19. Dette er i tråd med ny kommunelov. Barn og unge si rett til deltaking og innflytelse er nedfelt i FNs barnekonvensjon og i Noregs lover. Dette skal sikre barn og unge reell innflytelse.

1. Rådet sitt namn er Hægebostad ungdomsråd.
  2. Formål: Hægebostad ungdomsråd skal fremje barn og ungdom sine interesser i Hægebostad kommune. Rådet kan sjølv ta opp saker som dei er opptekne av, ikkje bare saker som direkte gjeld barn og unge. Rådet skal hovudsakleg gje ungdom muligheit til medverking i politisk handsaming av saker. Ungdomsrådet kan i tillegg gje råd til den politiske og administrative leiinga. Hægebostad kommune skal bruke ungdomsrådet som høringsinstans i saker som hovudsakleg har med barn og unge å gjere. I saker der ungdomsrådet vel å uttale seg, skal kommunestyret og underliggende utval ta med uttalen som ledd i si sakshandsaming og protokollføring.
  3. Ungdomsrådet er eit partipolitisk uavhengig organ.
  4. Medlemmer til ungdomsrådet skal veljast blant personer busett i Hægebostad som er mellom 14 og 18 år på valtidspunktet.
  5. Ungdomsrådet består av fire personar + fire vara og skal ha følgande samansetning:
    - Byremo ungdomsskule: To representantar (ein av kvart kjønn) + kvar sin personelege vara
    - Vidaregåande skule: To representantar (ein av kvart kjønn) + kvar sin personelege vara. Representantane kan komme frå alle vidaregåande skular, vere lærlingar eller anna, bare dei har Hægebostad kommune som bukommune. (Elevrådet på Byremo VGS hjelper til med valet)
  6. Val: Elevråda ved kvar skule skal innan 30. september kvart år velje representantar og vararepresentantar til ungdomsrådet. Medlemmane blir valde for to år om gonga. Ved førstegongs val, vel ein halvparten av rådet (ein frå kvar skule) for eitt år og dei to andre medlemmane for to år.
- Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv innan ein månad etter representantvalet. Dei vel leiar og nestleiar. Ein kommunal tilsett skal fungere som rådets sekretær og vegleiar. Det skal setjast opp årshjul for rådet sine aktivitetar/møteplan. Ein politisk vald, ordførar eller varaordførar, deltek på møta i ungdomsrådet.
7. Gjennomføring og deltaking i møter: Innkalling til møter med saksliste skal skje minst ei veke i forkant av møtedato. For å kunne ta avgjerder må minst 50 % av medlemmane være til stade. Ved likt stemmetal har leiar dobbeltstemme.

To gongar i året (haust og vår) deltek ungdomsrådet i møte med formannskapet/kommunestyret. Ungdomsrådet har møte- og talerett i kommunestyret med inntil 2 representantar kvar, som i utgangspunktet bør være leiar og nestleiar. Møta i ungdomsrådet blir sett inn i politisk møtekalender før kvart kommunestyremøte.

8. Økonomi og godtgjersle: Hægebostad kommune set av eit fast årleg beløp som ungdomsrådet disponerer. Godtgjersle til medlemmane blir bestemt av kommunestyret.

9. Ungdomsrådet har ansvar for val av representantar til ungdommens fylkesting.

10. Alle tilstellingar/arrangement i regi av ungdomsrådet skal vere rusfrie.

11. Ungdomsrådet kan foreslå endringar av vedtektene, endringane skal godkjennast av kommunestyret i Hægebostad.